



NVE

Saksnr.
12/467

Dok-ID
18/1121

Arkivkode
S11

Sakshandsamar
SIB

Dato:
14.02.2018

Høyringsbrev om konsesjonspliktavurdering - OU Dyrnesli kraftverk

Høyanger kommune har motteke høyringsbrev frå NVE som omhaldlar søknad konsesjonspliktavurdering for utviding av Dyrnesli kraftverk i Vadheim. NVE skal avgjere om utvidinga treng konsesjon, jf. vannressurslova § 18, og saka skal vurderast etter vannressurslova §§ 8 og 10. NVE skal vurdere om utvidinga medfører skade og ulemper for allmenne interesser som er av eit slikt omfang at det utløyser konsesjonsplikt. Høyanger kommune er i samband med dette bedt om å informere om kjende allmenne interesser som kan verte råka av utvidinga, samt eventuelle andre forhold som kan vere avgjerande for gjennomføring av utvidinga. I tillegg er Høyanger kommune bedt om å vurdere kunnskapsgrunnlaget i høve til naturmangfaldlova § 8.

Omfang av utviding av kraftanlegget

Det søkjast om å oppruste og modernisere kraftverket, med mål om å effektivisere drifta og utnytte potensialet i fallet i større grad. Tiltaka omhandler mellom anna etablering av ny vassveg i fjell, gjennoppbygging og heving av svingbasseng, og auking av minste slukeevne. Det er også planlagt bygging av ny kraftstasjon, enten der den gamle står i dag, eller rett ved siden av.

Søklar opplyser at effektene av tiltaket, i tillegg til at produksjonen aukar, mellom anna blir at vasstanden i Røyrvikvatnet vil reduserast noko, men at dei andre vatna i området ikkje vil bli påverka nemneverdig av tiltaket. Gjennomsnittlig vassføring i Dyrneslielva nedstrøms inntaket vil reduserast.

Allmenne interesser

Friluftsliv, rekreasjon og landskap

Det er spredt hyttebebyggelse i området, med nokre hytter mellom Markaula og Bøvatnet men mest ved Byrkjovvatnet og Vikavatnet, oppstrøms Røyrvikvatnet. Det er også landbruksområder innover langs vatna, og nokre få faste busetnadar. Eventuelle endringar i vasstand vil vere synleg frå bebyggelse. Det går turstier fleire stader i området frå inntaket/ved Tjørna og innover i fjellområda, og området er brukt til friluftsliv. Det er ikkje stor høgdeforskjell mellom vanna frå inntaket og innover, og sjølv om endring i vasstand forventast å vere begrensa, vil lågare vasstand i Røyrvikvatnet og eventuelt dei andre vanna vere synleg i landskapet. I kor stor grad dette vil påverke landskapsverdiene og friluftslivsinteresser negativt er usikkert.

Sjølv Dyrneslielva er lite synleg i landskapet, og er med noverande regulering i stor grad tørrlagt store delar av året. Det går også ein gamal tursti på nedsida av vegen opp mot

Tjørna/Vårstølen, men bruken av denne er ikkje kjend. Det er ikkje forventa at den auka tørrlegginga av Dyrneslielva vil ha innverknad på friluftslivsinteresser og landskapsverdiar i området.

Naturverdiar

Det er ikkje kjende registreringar av sårbare artar eller utvalde naturtyper i området rundt Dyrneslielva og langs vanna innover til Vikavatnet i kartdatabasen naturbase. Høyanger kommune er ikkje kjend med om det er uregistrerte naturverdiar i området som kan påverkast negativt av tiltaka. Dyrneslielva er per i dag relativt tørrlagt store delar av året, men planlagt auka slukeevne vil føre til at elva er tørrlagt meir eller mindre heile året. Dette kan påverke naturverdiar rundt elva, men det er vanskelig å seie noko om konsekvensane av dette då det er lite kunnskap om eventuelle naturverdiar i området.

Kulturminne

Høyanger kommune er ikkje kjend med at det er registrert kulturminner i området.

Kunnskapsgrunnlaget, jf. naturmangfaldlova § 8

Det er ikkje registrert verdifulle naturtyper, raudelisteartar eller andre naturverdiar i området. Høyanger kommune er heller ikkje kjend med at det er gjort kartleggingar og vurderingar av naturmangfaldet i området, og vurderer kunnskapsgrunnlaget på dette området, jf. naturmangfaldlova §8, som noko mangelfull.

Med helsing

Kjell Ege
rådmann



Silje Bøe
miljøvernleiar